

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 21.04.17

**FRÅ:** Administrerende direktør

**SAKSHANDSAMAR:** Haldis Ø. Lier

**SAKA GJELD:** Årsmelding 2016 Kvalitetsutvalet i Helse Fonna HF

**STYRESAK:** 31/17

**STYREMØTE:** 28.04.17

**Administrerende direktør si orientering pkt.4**

**1 vedlegg**

---

## ÅRSMELDING KVALITETSUTVALET, HELSE FONNA, 2016.

### **Plass i organisasjonen:**

Kvalitetsutvalet er ein del av internkontrollen i føretaket, og er eit rådgjevanda utval for linjeleiinga.

### **Målsetting:**

Kvalitetsutvalet skal vera eit verkemiddel i arbeidet med å fremje tryggleik og kvalitet på helsetenestene. Kvalitetsutvalet skal stimulere til førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeid i pasientretta tenester i føretaket.

Kvalitetsutvalet skal vere informert om og følgje kvalitetsfremjande arbeid. Utvalet skal óg gjennomgå eigna rapportar jamleg (eks synergirapportar, rapportar frå NPE, Helsetilsynet og Kunnskapssenteret). Utvalet skal arbeide for god meldekultur ved pasientskader og næruhell, bidra til at avvik vert følgde opp og brukte i førebyggjande arbeid. Ein gong i året skal kvalitetsutvalet arrangere ein kvalitetskonferanse.

### **Organisering:**

Helse Fonna har eit felles kvalitetsutval. Utvalet er sett saman av ein representant frå kvar klinikk (fem i 2016), representant frå smittevern, brukarrepresentant, kvalitets- og pasientsikkerhetssjef og fagdirektør. Det er krav om at det skal vere minimum to legar. Utvalet har ein representant frå område med spesifikt risikobilete. I 2016 har fagområdet prehospital teneste vore prioritert, i tillegg har patologisk avdeling hatt ein representant i utvalet. I 2016 har ikkje utvalet hatt fast sekretær.

Ansvar for behandling av enkeltsaker som gjeld pasientskader og næruhell som kunne ført til pasientskader er lagt til linjeleiinga som óg sørgjer for analyser av årsakssamanhengar og gjennomfører forbetringstiltak i eigen seksjon og klinikk. Klinikkdirtør skal informere kvalitetsutvalet om sakene, slik at utvalet kan analysere systemsvikt og bidra til læringseffekt i heile organisasjonen.

### **Medlemmer 2016:**

Haldis Økland Lier, fagdirektør, leiar

Tomas Jonson, Kvalitets- og pasientsikkerhetssjef

Laila Stensletten, brukarrepresentant

Randi Ofstad, smittevernoverlege

Anne Mari With Tande, rådgjevar og representerer Medisinsk serviceklinikk.

Ralf Teetzmann, overlege og representerer Klinikk somatikk Stord

Ineke HogeEsch, overlege og representerer Medisinsk klinikk første halvdel av 2016. Bjørn

Nedrebø, overlege og representerer Medisinsk klinikk (frå siste halvdel 2016)

Camilla Heggebø, psykologspesialist og representerer Klinikk for psykisk helsevern

Beverly Bråtveit, sjukepleiar og representerer Kirurgisk klinikk

---

POSTADRESSE :

Postboks 2170, Bedriftspostkontoret  
5504 Haugesund

BESØKSADRESSE :

Karmsundsgt. 120  
5528 HAUGESUND

TELEFON :

52732020

TELEFAX :

52732019

Nelly Karin Særsten Oma, ambulansesarbeidar, representerer prehospital teneste  
Emilya Boyadzhieva-Pavlova, overlege patologi, representerer patologisk avdeling

## **Samla rapport 2016:**

Kvalitetsutvala har hatt åtte møte à 2,5 timar i 2016 (15.02., 14.03., 25.04., 13.06., 29.08., 03.10., 14.11., 12.12.). Det har jamt over vore godt oppmøte.

Møtereferat er gjort tilgjengelege på intranett og blir lagt fram som orienteringssak til føretaksleiinga.

## **Dei viktigaste sakene som er handsama i 2016:**

### **1. Fortløpande rapporteringar frå klinikkrepresentantane**

Pasientskader og næruehell vert melde i avvikssystemet Synergi. Før kvart møte blir det tatt ut klinikkvise rapportar: pasientrelaterte saker, saker som er meldte helsedirektoratet (Spesialisthelsetenestelova §3-3) og saker der tiltak er skissert. Dei hyppigaste meldte pasientsakene er fall og saker knytt til legemiddelhandtering. Fleire av sakene som er meldte i synergi har ført til konkret forbetningsarbeid. Eit døme er utarbeiding av prosedyre for blodprøvetaking frå kateter. Arbeidet med denne prosedyra var med bakgrunn i fleire meldingar om uønska hendingar.


### **2. Publisering av saker**

Helse Fonna har meldeplikt til helsedirektoratet om hendingar som har ført til, eller kunne ha ført til, betydeleg personskade på pasient, jfr. Lov om spesialisthelsetjenesten §3-3. Helse Fonna ønskjer å vere open om uønskte hendingar på ein kvalitetssikra måte. Nokre av hendingane med skisserte tiltak blir publisert på internettsida til Helse Fonna: <https://helse-fonna.no/media>

### **3. NPE-saker og tilsynssaker.**

Kvalitetsutvalet går gjennom eit utval av NPE og tilsynssakene som har vedtak.

Figuren viser utvikling dei fem siste åra på saker som har fått medhald, fått avslag eller er avviste. Det er flest saker innafor ortopedi og ortopedisk kirurgi.



## Kvalitetsdagane 2016

I 2016 utvida Helse Fonna den etablerte Kvalitetsdagen til ei heil veke med fagleg påfyll, inspirasjon og kunnskapsauke: Kvalitetsdagane. Arrangør var Eining for fag og føretaksutvikling og kommunikasjonseininga. Rundt 2000 medarbeidarar og innbyggjarar fekk med seg føredrag, populærvitskapleg underhaldning, talkshow og forskingsseminar. Det var arrangement på Haugesund, Stord og Odda sjukehus.

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen, psykiater Anne Kristine Bergem, mentalist Vidar Hansen og ekspert på kundeopplevingar Anders Åmot var nokre av gjestene i 2016.

Programmet femna tema som klinisk kommunikasjon, førebygging og avdekking av vald mot barn, implementering av forskingsbasert kunnskap, gaming blant unge, stressmestring og reduksjon i bruk av antibiotika.

Kvalitetsdagane 2016 var ein suksess, og blir vidareført i same form i 2017.

**Kvalitetsprisen** blei delt ut under kvalitetsdagane. Søknadene var vurderte etter fastsette kriterier av ein komité med eit eksternt (tidlegare kvalitetssjef i Helse Vest) og eit internt (Kvalitets- og pasientsikkerheitssjef) medlem. Det var mange gode søknader også i 2016. I 2016 var vinnaren Seksjon for dokumentbehandling. Dei fekk prisen for sitt arbeid med å sikre at dokumentasjon som blir skanna i journal er rett og har god kvalitet.

Haugesund 12.mars 2017

Haldis Økland Lier,  
Leiar Kvalitetsutvalet.